



Elise Golten  
Sæbøvågen 52  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18532 - 20/80131

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
16.12.2020

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 487/15 Sæbø indre**

Tiltak: arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr: 487/15 og 487  
Tiltakshavar: Knut Røthing Golten  
Ansvarleg søkjar: Knut Røthing Golten

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.11.2020.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Då omsøkt areal ligg om lag 80 meter frå sjøen må det søkjast om dispensasjon frå Plan- og bygningslova § 1-8, forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag. Grensa her er 100 meter frå strandlina målt i horisontalplanet. Slik dispensasjon må vera grunngeven og skal nabovarslast.

Me kan opplysa om at landbruksavdelinga i kommunen er positive til søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.01.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Skulle det vera nokon spørsmål er det berre å ta kontakt med underteikna.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Elise Golten  
Knut Røthing Golten

Sæbøvågen 52  
Sæbøvågen 52

5938  
5938

SÆBØVÅGEN  
SÆBØVÅGEN